Spansk lukke i lita vestlandsbygd

FLAKS I NOREG: *Medan mange titals euroflyktningar dagleg søkjer hjelp på Robin Hood Huset og Korskirken i Bergen, har Mar Hidalgo, Oscar Sandoval og barna Salvador og Cayetana frå Spania funne både hus og arbeid i den vesle bygda Lundegrend på Tysnes. – Realiteten er at me har hatt flaks. Det er ein risiko og ei utfordring å ta eit slikt val, seier Oscar Sandoval.*



HABLA ESPAÑOL?: *Mar Hidalgo underviser i spansk for Anne Russel, Rainer J. Bessa, Grete Johanne Tysnes Frøyseth, Reidun Myklestad og Turid*



Rojahn. Ho tilbyr språkkurs for privatpersonar og næringsliv.

Familien Sandoval forlét Spania med to tomme hender. På få månader har ho etablert eiga verksemd og han fått jobb i ei idyllisk bygd på Vestlandet.

LENA VERMEDAL
ROAR CHRISTIANSEN (foto)
lena.vermedal@bt.no

–Me fann ut at det beste me kunne gjera for framtida til barna våre var å flytta utanlands, seier Oscar Sandoval.

Før eurokrisa slo inn jobba han for Peru sitt handelskammer i Barcelona. Kona Mar Hidalgo var nyutdanna filolog i ein arbeidsmarknad der nær seks millionar spanjolar står utan arbeid.

Medan streik, arbeidsløyse og ein aukande sjølvmordsrate no pregar heimlandet, er desperasjon snudd til forsiktig framtidstru for foreldra til Cayetana (6) og Salvador (7).

Kjende berre ordføraren

I august flytta familien på fire frå sydlandsk varme i Reus sør for Barcelona til vakker natur og leigd einebustad i Lundegrend i Tysnes kommune.

I sommar hamna den vesle sunnhordlandskommunen på spanske fjernsynsskjermar, fordi ordførar Kjetil Hestad (Ap) stod fram og ønskte europearar på jobbjakt velkomen. Oscar Sandoval var ein av spanjolane som i juni fekk rundtur på øya i regi av kommunen, Tysnes næringsråd og Robin Hood Huset i Bergen.

–Den natta tok vi avgjerda. Sjølv om me berre kjende Kjetil «The mayor», tenkte me at det var betre å starta på ein liten stad, fortel Oscar, som er utdanna innan marknadsføring og administrasjon.

Får respekt

Ute regnar det sidelengs. Inne i gardsysteriet på Myrdal gard står Sandoval med hårnetting og kvit uniform og snur store femkilos ostar. Sjølv om omveltinga er total, er spanjolen full av pågangsmot. Sjølv ikkje novembervêret tek motet ifrå han.

–Eg har aldri arbeidd med dyr og osteproduksjon før, men no veit eg kor viktig det er å ta vara på geitene for å få eit godt produkt, seier Oscar.

Medan han tek norskundervisning og jaktar på ein meir permanent jobb, er han glad for 60 prosent stillinga på garden. Kvar morgon er han på plass for å fôra geitene. Deretter ber det rake vegen i dusjen, før han kler seg om til kvite produksjonsklede for ysting.

–Eg har respekt for folk med høg utdanning som i ein mellomperiode gidd å snu ost i eit ysteri. Dei gjer alt dei kan for familien, seier Albert Muilwijk, eigar av Myrdal Gard.

Kurs i spansk

Heime i Lundegrend er barna komne heim frå skulen. Kona Mar står på farten for å halda spanskkurs. På få månader har ho rukket å etablera enkeltpersonføretaket ILSpansk – Interaktiv Læring Spansk. Så langt har ho fått 13 studentar og held to kurs i veka for privatkundar og næringslivet. Ein av dei er tyske Rainer J. Bessa.

> *Finanskreftene er blitt ei kraft som øydelegg liva til folk*
> MAR HIDALGO

–Eg vil læra spansk fordi det er kjedeleg å sitja heime åleine. Dä rustar hjernen berre, seier Bessa.

–Det er veldig bra å få ein lærar frå Spania med den rette uttalen, seier Reidun Myklestad.

Hjerneflukt

Det spanske paret hadde planlagt flytting i nær to år før dei tok den endelege avgjerda i sommar. Ekteparet trur mange no flyktar frå Spania i rein desperasjon utan å vera budd på kva som ventar dei. Dei er djupt uroa over det som skjer i heimlandet.

NÆRKONTAKT: *– Eg hadde aldri før arbeidd med dyr og ost. Det er ein spanande jobb, seier Oscar Sandoval.*

–Finanskreftene er blitt ei kraft som øydelegg liva til folk. Det er streik, folk mister jobb og hus. Nyleg høyrde me at ei kvinne hoppa frå vindauget då ho fekk vita at banken kom for å ta huset hennar, seier Mar Hidalgo.

Dei fryktar det berre blir verre og at Spania blir tappa for framtida. På golvet byggjer sonen Salvador ein båt i Lego.

–Han kunne blitt ingeniør i Spania. Det er eit stort tap for ein nasjon med så stor hjerneflukt, seier Oscar.

fakta

EU-flyktningar

- Tysnesordførar Kjetil Hestad (Ap) gjekk ut i media i sommar og sa at søreuropearar på jobbjakt kan bli redningа for mange fråflyttingskommunar på Vestlandet.
- I juni inviterte han 22 spanjolar på rundtur på øya og ville gje dei bustad og språkopplæring, dersom dei kunne få seg jobb i kommunen.
- I samarbeid med Robin Hood Huset i Bergen blei det etablert ein CV-database kor næringslivet kan søkja etter kompetent arbeidskraft frå Europa.
- Ein spansk familie på fire er no etablert på Tysnes.

Jobbsøkjarar stranda i Bergen

Kirkens Bymisjon opplever stor naud blant sør- og austeuropearar i Bergen. 60 personar møtte på matutdeling måndag.

Ikkje alle er like heldige som familien som vågde å satsa på Tysnes. I Bergen lever mange sør- og austeuropearar på fattigdomsgrensa. Kvar måndag og torsdag deler Kirkens Bymisjon ut poser frå Kiwi-butikkane med mat som er nær ved å gå ut på dato.

–Det er bra mat som blir delt ut. Me deler ut ein berepose til kvar med middagar, kjeks, potetar og pålegg, seier Leif Jarle Theis, dagleg leiar i Kirkens Bymisjon.

Manglar tak over hovudet

Av dei 60 som møtte, var berre ti prosent norske. Resten kom frå Sør- og Aust-Europa, blant dei nokre romfolk, ifølgje Theis.

Han ser at dette er blitt ein trend i Bergen og at fleire lever på fattigdomsgrensa.

–Mange av dei har kome til Noreg på jakt etter arbeid, men dei har gjerne hatt falsk von om at det er enkelt å få seg jobb her utan dokumentert kompetanse. No har dei rett og slett stranda, manglar pengar til returbillett, tak over hovudet og har ikkje rett på ordinær sosialstønad, seier Theis.

I sommar var det registrert 5,7 millionar arbeidslause i Spania, det er tett på 25 prosent av arbeidsstyrken. Framleis er spanjolane den største gruppa som vender seg til Robin Hood Huset i Bergen, som dagleg har kring 100 besøkjande. Kvar veke kjem det to til fire nye personar for å få råd om norsk arbeidsliv og språkopplæring.

–Tilstrøyminga er ikkje like massiv som før, men det kjem framleis folk frå Hellas, Portugal og Italia. Langt dei fleste kjem frå Spania, seier dagleg leiar Marcos Amano.

Han kjenner til at ein del har fått seg mellombels arbeid innan transportbransjen, reinhald, hotell og serviceyrket. –Men det er ei stor utfordring at dei gjerne berre får deltidsstillingar med låg betaling, seier han.

Spreier CV-database

På Tysnes ser ordførar Kjetil Hestad positivt på arbeidsinnvandring. Satsinga kan resultera i 11 nye innbyggjarar.

–Den spanske familien på fire er alt etablert. Eit spansk par er til vurdering og ein hollandsk familie på fem er i tenkjeboksen, fortel Hestad.

Han har håp om at fleire kan få hjelp ved at Robin Hood Huset sin CV-database etter kvart blir tilgjengeleg for alle kommunane i Sunnhordland.

Matte-offensiv mot Stoltenberg

OSLO: Opposisjonen kjørte statsminister Jens Stoltenberg hardt på matte i spørretimen i går, men syntes han strøk i prøven. Høyres Erna Solberg påpekte at Norge mangler 15.000 ingeniører og at gapet bare blir større. – Vi har en mattekrise i Norge, og tendensen har dessverre vært tydelig lenge, sa Høyres leder. Stoltenberg sa at regjeringen vil innføre flere mattetimer, stille krav til lærerstudenter og tilby etter- og videreutdanning. – Jeg var blant dem som ble svett i hendene av matte. Nå blir jeg svett av glede over brøker og prosenter. Det er en egen stimulans i livet, sa sosialøkonomen Stoltenberg. Han viste til at det utdannes stadig flere, men at etterspørselen øker mer på grunn av den økonomiske veksten i Norge.

Bruker mest penger på helse

OSLO: Norge er det nordiske landet som bruker mest penger til helsesektoren, men bruker minst penger på sosiale ytelser sammenlignet med våre naboland. Hver sjette krone av de offentlige utgiftene i Norge går til helsesektoren. Danmark bruker minst penger til helse, bare hver åttende offentlige krone går til dette formålet. På den andre siden bruker Norge en mindre andel av de offentlige utgiftene på sosiale ytelser enn i de øvrige nordiske landene, unntatt Island.

– Prioriterer ikke verdisaker

OSLO: Tidligere KrF-leder Dagfinn Høybråten kritiserer statsminister Jens Stoltenberg (Ap) for å være tilbakelent i avgjørende saker som fattigdom og surrogati. – Vi har opplevd en statsminister som er overraskende tilbakelent i avgjørende verdisaker, sa Høybråten mot slutten av den muntlige spørretimen i Stortinget. Høybråten irriterte seg blant annet over at Stoltenberg ikke ville svare på KrF-leder Knut Arild Hareides spørsmål om regjeringens holdning til surrogati.

Ba kongen «drite i» å ta roret

OSLO: Da kong Harald ba om å få seile Fram XVI over målinjen som vinnerbåt i Gotland Rundt var tilbakemeldingen fra rormannen klar: «Det skal du bare drite i». Anekdoten er med i den nye seilerkongebiografien «Kong Harald V – seileren som ble en av gutta» og viser tydelig at han er nettopp én av gutta. For øvrig ender anekdoten med at rormannen gir fra seg kontrollen til mannen som formelt har makten – både på båten og i kongeriket.

Nye regler for utenlandske biler

OSLO: ESA krever endring av norske avgiftsregler for utenlandsregistrerte biler. Den norske stat kan kun kreve avgift for den tiden bilen faktisk brukes her i landet. Staten krever i dag full engangsavgift fra personer med fast opphold i Norge for biler som er som er privateid, leaset eller utlånt i Norge, men registrert i et annet EØS-land.

Lærer må betale 2,4 mill i erstatning

HAUGESUND: En pensjonert lærer er i Haugaland tingrett dømt til å betale 2,4 millioner kroner i erstatning til en mann som ble utsatt for seksuelle overgrep i flere år. For to år siden ble mannen, som i dag er 72 år gammel, dømt til fire års fengsel for overgrepene, som foregikk over nær tre år fra høsten 2000, skriver Haugesunds Avis.

Evakuert etter ras i bygård

OSLO: Deler av kjellergulvet brøt sammen i en eldre boligblokk i Iladalen i Oslo i går, og 28 personer ble evakuert. Ingen ble skadd i hendelsen. Umiddelbart inntil blokken pågår det omfattende gravearbeider og bygningsarbeid, og det var masser samt deler av et kjellergulv som raste ut fra blokken. Politiet kunne tidlig konkludere med at det ikke var folk fanget i raset.